

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/461

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2015	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Referatsak

Underliggjande saker:

1, Framlegg til møteplan for kommunale møter haust 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 058/2015

KS - behandling:

1. Framlegg til møteplan for kommunale møter haust 2015

Ordførar Karstein Totland orienterte:

- Kommunestruktur
folkemøte er gjennomført
- Nedlegging av bussrute
- Tannlege
melding til innbyggjarane

Interpellasjon vedrørande arealbehov til helsehus

Ei interessegruppe har planar om å byggje eit utleigebygg like bak Nordbygda senter. Kommunen har forhandla med grunneigar, så tomtespørsmålet ser no ut til å vere i orden. Masfjorden kommune har behov for eit framtidig helsehus, så det kan vere aktuelt å leige areal til i det nye utleigebygget som skal byggjast på Hosteland. Masfjorden FrP ønskjer informasjon om kva tenester som er tenkt skal inn i dette helsehuset

og om kommunen har rekna på kva arealbehov dei treng til sine tenester? Dette er viktig å få avklart så prosessen kan komme i gong snarast mogeleg.

Ved å etablere helsetenestene i eit nytt felleshus vil ein også kunne frigjere lokalar som kan nyttast til barnehage. Frå hausten vert eit årskull i barnehagen flytta til skulen grunna plassmangel i barnehagen. Dette er ikkje ei løysing som er tilfredstillande på sikt.

Masfjorden FrP har vore i kontakt med Austevoll og fått tilsendt konkurransegrunnlag for helsehus som dei har laga (sjå vedlegg).

Funksjonsskildring av helsehus:

- Generelt bygg/uteområde
- Installasjonstekniske kvalitetar
- Fellesareal
- Legekontor/Legevakt
- Helsesøster/Jordmor
- Psykisk helse/Fysioterapi
- Tannlegekontor
- Ambulanseteneste

Med grunnlag i funksjonsskildringa kan vi utarbeide skisser for arealbehov og utforming.

Konkurransegrunnlaget for helsehus som Austevoll har laga vert også oversendt interessegruppa.

Masfjorden FrP
Janne-Judith K. Sandnes
Leiar

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering